

## Opplysningar om angrerett

Ved korrekt utfylt skjema er opplysningane i angrerettlova § 8 første ledd bokstav h, i og j, jf. andre ledd, å sjå som gitte.

Du har rett til å gå ifrå denne avtalen i løpet av 14 dagar utan å grunngi dette. Angrefristen går ut 14 dagar etter at avtalen vart inngått. For å kunne bruke angreretten må du opplyse oss,

**Wattn AS**, Postboks 1500, 6025 ÅLESUND

E-postadresse: hei@wattn.no, Telefon Kundesenteret: 70 10 20 10

FNR 925638153

på ein eintydig måte om at du vel å gå ifrå avtalen (t.d. i eit brev sendt i posten eller e-post). Du kan bruke det vedlagte angreskjemaet, men det er ikkje obligatorisk.

For å overhalde angrefristen, er det nok at du sender melding om at du vil bruke angreretten før angrefristen går ut.

### **Verknadene av å bruke angreretten**

Dersom du vel å gå ifrå denne avtalen, vil vi tilbakebetale alle betalingar vi har fått frå deg, medrekna leveringskostnadene (med unntak av tilleggskostnader som følge av at du har valt ein annan type levering enn den billegaste typen standardlevering vi tilbyr), utan unødig opphold og i alle tilfelle seinast 14 dagar etter den dagen vi fekk melding om at du ønskte å gå ifrå avtalen.

Vi gjennomfører tilbakebetalinga med same betalingsmiddel som du brukte ved den opphavelege transaksjonen, med mindre du uttrykkjeleg har avtala noko anna med oss.

I alle tilfelle vil det ikkje kome noko gebyr som følge av tilbakebetalinga.

### **Ved kjøp av varer (WattMeter, elbil-lader o.l.)**

Vi kan halde tilbake tilbakebetalinga til vi har fått varene tilbake, eller til du har lagt fram dokumentasjon på at varene er sende tilbake, eller til det tidlegaste av desse tidspunkta.

Du må returnere varene til oss via vedlagt returseddel, utan unødig opphold og i alle tilfelle seinast 14 dagar etter den dagen du sende oss melding om at du ønskte å gå ifrå avtalen. Du har overhalde fristen dersom du sender tilbake varene før fristen på 14 dagar har gått ut. Om du har ikkje har tatt vare på denne retenseddelen, må du ta dei direkte kostnadene ved å returnere varene.

Du er ansvarleg berre for ein eventuell reduksjon i vareverdien som kjem av ei anna handtering av varene enn den som er nødvendig for å fastslå art, eigenskapar og funksjon ved dei.

### **Ved kjøp at teneste (straumavtale, Smart lading o.l.)**

Dersom du har bede om at utføringa av tenestene (medrekna levering av vatn/gass/elektrisitet/fjernvarme) skal ta til før angrefristen går ut, skal du betale oss eit beløp som står i forhold til det som er utført eller levert fram til du gav oss melding om at du ønskte å gå ifrå avtalen, samanlikna med full oppfylling av avtalen.

#### Angrerettskjema

Fyll ut og returner vedlagt angrerettskjema **berre** om du ønsker å gå frå avtalen.

# Angreskjema

ved kjøp av varer og tenester som ikke er finansielle tenester

Fyll ut og returner dette skjemaet dersom du ønskjer å gå ifrå avtalen.

Utfylt skjema sender du til:

---

---

Eg/vi gir med dette melding om at eg/vi ønskjer å gå ifrå avtalen om kjøp av: (set kryss)

- Teneste (f. eks. straumavtale, Smart lading osv.) (spesifiser på linjene nedanfor)
- Varer (f. eks. elbil-ladar, WattMeter osv.) (spesifiser på linjene nedanfor)
- 
- 

Set kryss og dato:

- Avtalen vart inngått (dato) \_\_\_\_\_ (ved kjøp av f. eks. straumavtale, Smart lading osv.)
- Varen vart teken imot (dato) \_\_\_\_\_ (ved kjøp av f. eks. elbil-ladar, WattMeter osv.)
- 

Namn på forbrukaren/forbrukarane:

---

Adresse til forbrukaren/forbrukarane:

---

Dato: \_\_\_\_\_

---

Underskrift av forbrukaren/forbrukarane (dersom ein nyttar papirskjema)